

Idrettsskule for born 7-12 år

Eit heilårleg og variert aktivitetstilbod!



Kvam Langrenn- og skiskyttarklubb sin Idrettsskule tar opp igjen aktiviteten, sidan styresmaktene sine reglar og retningslinjer no gjer det mogleg. Idrettsskulen er eit variert aktivitetstilbod, der deltakarane får prøve fleire ulike idrettar. Det blir lagt vekt på å skape idretts- og aktivitetsglede, og utvikle ein god grunnmotorikk gjennom leik og aktivitetar tilpassa borna sitt utviklingsnivå. Aktivitetane vil til ei kvar tid vere i tråd med styresmaktene sine råd og retningslinjer, og smittervernrettleiaren til norsk idrett. Alle aktivitetane før sommarferien vil gå føre seg utandørs, og vere aktivitetar som enkelt lar seg tilpasse avstandsreglane (t.d. sykling, rulleski, skogstur, padling, rulleskøyter). Aktivitetsplanen etter sommarferien vil bli lagt når vi får oversikt over tilrådingane som gjeld då.

Kvam LSK har hovudansvar for alle aktivitetane, men nokre av aktivitetane blir gjennomført som eit samarbeid med andre idrettslag/aktivitetsmiljø i Kvam.

Idrettsskulen er:

- For alle born i alderen 7-12 år (fødd i 2008-2013).
- Inndelt i grupper etter alder.
- Forankra i Kvam LSK sitt styre, og følgjer idretten sine barnerettar, med utviklingsplan og bestemmingar om barneidrett.
- Eit lågterskeltilbod der klubben/samarbeidspartnarar held/leiger spesialutstyr som rulleski, skiskyttarvåpen, klatretstyr med meir.


Oppstart, tidspunkt, pris og påmelding

Idrettsskulen starta eigentleg opp med skisesongen, og skulle halde fram med andre aktivitetar etter skisesongen. Det blei ikkje heilt slik i år, men **onsdag 20.mai** kl. 18-19 startar vi opp igjen! Onsdag kl. 18-19 er fast tidspunkt, men nokre gonger kan det vere behov for å utvide økta litt. Det blir 4 økter før sommarferien, så held vi fram frå skulestart i august og fram til jul.

For dei som er fødte i 2012 og 2013 er prisen 500,- fram til jul, for resten er det 800,-. Medlemskap (300,- for enkel/500,- for familie) kjem i tillegg, for dei som ikkje allereie er medlemmer.

Påmelding: Send namn og fødselsdato på barn, samt namn, adresse og tlf.nr. til føresett til kvamlsk@hotmail.com.

Spørsmål om Idrettsskulen kan rettast til Sverre Lindøy (tlf. 996 42 442). Velkomen til eit kjekt og aktivt år!



Våre samarbeidspartnarar:

